

Sogn og Fjordane fylkeskommune

Askedalen 2

6863 LEIKANGER

Søknad om eingongstilskot på kr. 150 000 til Midtvegen 615 AS

Midtvegen 615 AS arbeider for å kople dei tre mest folkerike regionane i fylket, midtre Sunnfjord, ytre Sunnfjord og midtre Nordfjord, tettare saman. Fylkesveg 615 er sentral i denne koplinga og det er fleire ulike konsept, både vertikale og diagonale kommunikasjonslinjer, som det er mulig å arbeide vidare med.

Vi er kjend med at Sogn og Fjordane fylkeskommune ikkje ynskjer å bli medeigar i vegselskap på fylkesvegnettet. Dette for å unngå at fylkeskommunen er medeigar i selskap som skal drive påverknad og «lobby-verksemd» mot fylkeskommunen. Det har likevel vore vanleg å støtte vegselskapa med ein eingongssum. Ved dei to siste tilfella har det blitt løyvd minst 200 000 kr til vegselskapa. Vi er kjend med den økonomiske stoda i Sogn og Fjordane fylkeskommune og har difor:

- a) redusert søknadsbeløpet frå 200 000 kroner til 150 000 kroner. (Til orientering vil 217 000 kroner i dag ha same verdi som 200 000 kroner for 4 år sidan)
- b) ikkje krav om at heile tilskotet vert utbetalt som ein enkeltsum, men at tilskot og utbetaling kan delast på fleire budsjettår framover i tid.

Midtvegen 615 AS arbeider for tida med å skaffe finansiering til ei trafikkanalyse som skal sjå på fleire ulike alternativ for å knyte midtre Nordfjord tettare saman med aksen Florø-Naustdal-Førde. Det er svært interessant å få greidd ut om trafikkgrunnlaget ved eit eller fleire av desse alternativa er stort nok til å delfinansiere opprustinga/ny veg med brukarfinansiering. Det er Rambøll AS som skal utføre denne utgreiinga etter å ha vunne konkurransen om dette oppdraget med fleire andre konsulentselskap.

Pr. i dag har vi skaffa finansiering til 53% (140 000) av kostnaden på totalt 265 000. Dersom det ikkje lukkast å skaffe finansiering frå anna hald vil eit eingongstilskot frå fylkeskommunen truleg bli nytta til å delfinansiere denne eller andre utgreiingar i framtida. Målsetjinga er å utgreie og utvikle prosjektet ytterlegare slik at;

- ✓ utgreiinga er klar før kommunedelplanarbeidet startar i 2017
- ✓ fylkespolitikarane kan velje mellom ulike konsept ved neste rullering av RTP hausten 2017.

Korleis har fylkesutval og samferdsleutval fatta vedtak tidlegare

Til orientering har vi funne to eksempel på korleis fylkesutvalet og hovudutval for samferdsle tidlegare har fatta vedtak i søknader om støtte til vegselskap;

a) Saksa frå møteboka til hovudutval for samferdsle 15.02.2012 sak 14/12 under:

Dette gir følgjande VEDTAK:

- 1 Fylkeskommunen teiknar ikkje aksjar i bompengeselskapet Førdepakken AS
- 2 Fylkeskommunen yter eit eingongstilskott på kr 200.000.- til utgreiing og planlegging av arbeidet med bompengesøknaden (forprosjekt). Tilskotet vert finansiert med bruk av hovudutvalet sine utviklingsmidlar for 2012.
- 3 Fylkeskommunen yter eit driftstilskot til Førdepakken AS på kr 300.000,- i 2012. Tilskotet vert finansiert over fylkesvegbudsjettet. Hovudutvalet legg til grunn av selskapet vil vere i stand til å finansiere drifta på eiga hand i 2013.

b) Saksa frå møteboka til fylkesutvalet 26.09.2007 sak 110/07 under.

SAK 110/07 Ferjefri kryssing av Nordfjorden ved Anda - Lote Etablering av bruselskap

Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:

1. Fylkeskommunen teiknar ikkje aksjar i bruselskapet for ferjefri kryssing av Nordfjorden ved Anda - Lote.

Endringsframlegg:

Fylkesutvalet sette fram slikt framlegg til nytt punkt 2:

”Fylkeskommunen yter eit eingongstilskott på kr 200.000.- til utgreiing og planlegging av arbeidet med ferjefri kryssing av Nordfjorden ved Anda – Lote.”

Avrøysting:

Tilrådinga frå fylkesrådmannen og framlegget frå fylkesutvalet vart samrøystes vedtekne.

Dette gir følgjande VEDTAK:

1. Fylkeskommunen teiknar ikkje aksjar i bruselskapet for ferjefri kryssing av Nordfjorden ved Anda - Lote.
2. Fylkeskommunen yter eit eingongstilskott på kr 200.000.- til utgreiing og planlegging av arbeidet med ferjefri kryssing av Nordfjorden ved Anda – Lote.


Litt historikk om fylkesveg 615 (tidlegare riksveg 615/612)

Fylkesveg 615

615

Strekning

Sandane i Gloppen – Storebru i Flora



Informasjon

Lengd 69,9 km

Status fylkesveg

Tilstøytande vegar

E 39 5

Går vi 100 år tilbake i tid var kommunikasjon på sjø og vatn avgjerande for å komme vidare ut i verda. I Hyen var det korte vegstubbar frå sjøen og oppover i dei to dalane. Desse vart etter kvart forlenga og i 1962 vart vegen mellom Hyen og Storebru opna. 28 år seinare (1990) fekk Hyen fast vegsamband mot Sandane. Før den tid gjekk det bilferje mellom Hyen, Lote og Anda. I samband med opninga av riksvegen vart det sagt at no måtte ein byrje å arbeide for å få ruste opp vegen frå Hyen og sørover. I perioden sidan 1990 har det ikkje vore utført noko opprustingsarbeid på denne strekninga, men på fleire plassar langs Hyestranda er vegen blitt sikra mot skred.

Arbeidsgruppe fylkesveg 615 (2007-2013)

I 2007 vart arbeidsgruppe riksveg 615 oppretta med Kjartan Aa Berge (leiar), Ola Holme, Arve Aasen og Olav Klungre. Hovudfokus for arbeidsgruppa var å arbeide for opprusting og rassikring av riksvegen. I 2009 vart det utført ei utgreiing av Rambøll (planteikningar og kostnadsgrunnlag) på opprusting og delvis omlegging av rv. 615 mellom Storebru og Sandane. Same år kom fylkesveg 615 inn på uprioritert marginalliste. Det vart skipa 4 konferansar i denne perioden der fylkesveg 615 har vore hovudtema eller deltema saman med andre samfunnsmessige aktuelle saker. Arbeidet i arbeidsgruppa vart lagt ned i 2013 parallelt med skipinga av Midtvegen 615 AS.

Midtvegen 615 AS

Midtvegen 615 AS vart stifta 18.09.2013. Selskapet tok over stafettpinnen etter arbeidsgruppe fylkesveg 615. Selskapet arbeider for å få rusta opp fylkesveg 615 og gjerne med kortare veg mellom midtre Nordfjord og ytre og indre Sunnfjord.

Selskapet er eit aksjeselskap med 54 aksjonærrar. Dei største aksjonærane er Flora og Gloppen kommunar med 16,66% på kvar. Elles er mellom anna Hyen Fisk, Brødrene Aa, Sparebanken Sogn og Fjordane, Sogn og Fjordane Energi og Gloppen næringsorganisasjon med frå næringslivet. Resten av aksjekapitalen er i hovudsak eigd av private og desse har til saman majoriteten av aksjane i selskapet. Selskapet hadde ein kapitalbase på 300 000 kroner ved oppstart. Det er planlagt ein emisjon i selskapet i 2016.

Styret si noverande samansetjing: Sølvi Espeland Hope (Gloppen kommune), Hanna Ommedal Aa (Hyen), Tore Jakob Madsen (Flora kommune), Ole Bent Søreide (Sandane), Steinar J. Kvame (Naustdal) og Olav Klungre (leiar/Hyen).

Litt info om status fylkesveg 615

Hopsstranda er lunefull!! Trass i rassikring av fleire parsellar langs Hyestranda er det framleis rasfarlege parti igjen. Oppslaget under er frå Firda Tidend si nettside.



Dei fleste tok Terje Skamo med mobilen like etter raset. Største blokk hadde sprutte over rekkverket og vidare ned i ura nedanfor vegen.

Nytt steinras i Hopsstranda

GLOPPEN

Publisert: 13. april 2015

Oppdatert: 13. april 2015

Av: Magnar Heimset

Om lag halv åtte i dag tidleg gjekk det eit steinras som stengde Fv615 i Hopsstranda i Høyen. Terje Skamo, som var på veg til jobb på Sandane i bil, var svært nær ved å bli teken av raset.

– Eg vart heldigvis akkurat for sein til å bli teken av dei store steinblokkene som dundra i asfalten få meter framfor bilen, og eg rygga som ein galen for å kome ut av faresona. Ein hjorteflokk på mellom fem og ti dyr sprang



Under handsaming av regional transportplan (RTP) i desember 2013 kom fylkesveg 615 inn på 8.plass på prioritert marginalliste for store investeringsprosjekt.

2.4 Marginallister investering

Store investeringsprosjekt

Marginalliste for store investeringsprosjekt er basert på tidlegare handlingsprogram, samt registrert behov i perioden og i innspelsrundar.

Alle kostnader i mill. 2013-kr

	Prosjekt/Tiltak	Kostnads overslag	Status
1.	Fv. 616 Svelgen - Indrehus	635	Ein del av kystvegen/45-minuttsregionen regionvegpakke.
2.	Fv. 57 Nishammaren – Storehaug m/bru over Svesundet	970	Fjaler kommune og Gaular kommune: Kan delast i fleire delprosjekt. Delvis bompengefinansiering kan bli aktuelt.
3.	Fv. 60 Grodås – Møre grense	241	Hornindal kommune: Godkjent kommunedelplan. Ferdig reguleringsplan i 2014.
4	Ferjesamband Rugsundøy – Vemmelsvik		Ein del av Kystvegen/45-minuttsregionen regionvegpakke
5.	Fv. 55 Tronvika – Ulvåna	450	Høyanger kommune: Tiltak prioritert i rapport fv. 55. Kan delast opp i fleire mindre prosjekt
6.	Fv. 55 Høyheimsvik – Nes	165	Luster kommune: Tiltak prioritert i rapport fv. 55.
7.	Fv. 303 Seimsdalstunnelen	93	Årdal kommune: Fleire tiltak er aktuelle. Utbetring av dagens tunnel – ny tunnel. Kostnad vil avhenge av ambisjonsnivå (93 – 320 mill. kr), fylkestinget sin intensjon er å legge til rette for ein trygg veg.
8.	Fv. 615 Sandane - Storebru	800	Gløppen kommune og Flora kommune: Tiltak prioritert i rapport fv. 615. Kan delast opp i fleire mindre prosjekt. Tiltak prioritert i rapport fv. 615 vert vurdert i samband med mindre investeringsprosjekt.
9.	Rørvikjellet		

Tabell 9: Prioritert oversikt over aktuelle nye store investeringsprosjekt.

Vedtak i Gloppen kommunestyre desember 2014

084/14 VEDTAK:

1. Gloppen kommunestyre godkjenner formannskapet sitt framlegget til økonomiplan for 2015-2018 med desse endringane/presiseringane:
 - a. Det blir sett av 12 mill. til oppstart av Hetlebakkane bustadfelt i 2015. Oppstart, prosjektkostnad, tomtepris og kartlegging av interessa blir lagt fram i eiga sak
 - b. Oppstart av planarbeid/prosjektering/plan for finansiering og vurdering av mogeleg spleiselag for gang- og sykkelveg Vonheim-SFE blir sett inn med 1 million i 2015 med finansiering frå disposisjonsfondet. Vedtaket er gjort med atterhald om godkjenning frå vegeigar
 - c. Gloppen kommune forskotterer inntil 2 mill. kr til utarbeiding av ein kommunedelplan for fylkesveg 615 for parsellen Hyen-Høgemuren i 2017. Tiltaket vert finansiert ved bruk av fond. Vedtaket er gjort med atterhald om godkjenning frå vegeigar

Frå Flora kommune sin kommuneplan:

Vegsamband

Det er naudsynt for vidare vekst og utvikling av større nærings- og buareal at vegsamband er i tråd med nasjonale vegnormalar. Mål/ strategi for å nå dette:

- Realisering av kystvegen Ålesund – Bergen som eit Riksveg- prosjekt. Første steget er strekninga Måløy – Florø, det andre steget er samband mellom Florø og Dale, med kryssing av Førdefjorden der prioriterte trasear er:
 - Nordover til Måløy via Grønenga og Terdal med tunnel til Vindspollen i Bremanger.
 - Sørøver til Askvoll med kryssing av Førdefjorden.
 - **Midtvegen vært realisert til Indre Nordfjord via Storebru, Hyen og Sandane.**
 - Logisk vegsambinding mellom Riksveg, Fylkesveg og kommunalveg, eksempelvis sambinding av Riksveg 5. med Havrenesvegen/ Kinnvegen.
- Flora kommune skal inneha eit kommunalt vegnett som er opprusta og funksjonelt, i tråd med vegnormalar, samt tilpassa brukarane sitt behov. Det er eit mål at det skal være fast dekke på alle kommunale vegar.

Ta kontakt om det er behov for ytterlegare opplysningar kring denne søknaden!

Lykke til med handsaminga!

Med venleg helsing


Olav Klungre

Midtvegen 615 AS